



Sakshandsamar:

Torbjørn Hasund

E-post: torbjorn.hasund@sfj.no

Tlf: 57 65 62 73

Vår ref.

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

Dykkar ref.

## Møtereftrat - planforum 09.04.2014

Stad: Storehagen Atrium i Førde, Fylkeshuset på  
Leikanger

Referent: Torbjørn Hasund

---

### Kl. 09:00 Aurland kommune – planprogram områderegulering for Undredal

Til stades: Ingunn Skjerdal, Jan Olav Møller - Aurland kommune, Synnøve Stalheim - FM miljøvern, Oddgeir Aardal – FM landbruk, Eline Orheim - FM beredskap, Terje Systad – NVE, Janne Ølmheim - Statens vegvesen, Knut Åland, Arlen Synnøve Bidne, Bjørn Ramberg – FK KA, Mona Steinsland, Torbjørn Hasund – FK PSA

Presentasjon v/ Ingunn Skjerdal. Gjeldande plan frå 1996. Stor bygningsmasse, men sterk nedgang i folketal, mange bustader i bruk som fritidsbustader, mange tomme bygningar.

Møller - Elva har elveførebygging på delstrekningar. Elva grev i elvekantane i nokre delområde av elva. Kommunen har ønske om å få utarbeidd flaumsonekart. Systad - Kommunen kan få utarbeidd flaumsonekart vha. konsulent dersom dei vil ha rask framdrift, evt. kan dei søke NVE. **Systad sjekkar ut kva som bør vere med i ei eventuell bestilling til konsulent.**

Systad - Når det gjeld ras bør ein sikre mot 300 års skred for eksisterande bustader. Undredalselvi er eit varig verna vassdrag, og det er viktig å ivareta verdiane som var utgangspunktet for vernet. Kommunen kan be om at NVE kjem på synfaring for å få vurdert sikringstiltak.

Orheim - Kommunen bør ta høgde for 200 års stormflo. anbefalar bruk av omsynssone. ROS-analysen må ta høgde for klimaendringar. Brann bør vere eit tema i ROS-analysen: stikkord her kan vere tilkomst, kapasitet på sløkkevatn, risiko for brannspreiing og spesielle risikokjelder. Skjerdal - Kommunen har som utgangspunkt at Undredal skal vere «sjølvforsynt» ved evt. brann. Tilkomst ikkje like lett alle stadar der bygningar står tett.

Stalheim - fastsetje byggegrensene basert på konkrete vurderingar også for område for småbåtanlegg. Småbåthamn og eventuelt gjestehamn grad av konfliktgrad avhengig av grad av fysisk opparbeiding og lokalisering. Viktig å ha ei formening om kor mange plassar det er behov for. Eventuell tilrettelegging av nye bustadtomter bør og vurderast opp mot kor stort behovet er.

Skjerdal - Grensa for landskapsvernområdet går 5 meter ute i sjø. Det er 54 bustadhus i Undredal av desse er 24 i bruk til heilårsbustad. 30 av dei er meir eller mindre i bruk til fritidsbustad. Avhengig av

den enkelte eigar, og viste til bulystprosjekt som ser på sal / auka bruk av hus som vert nytta til feriebusstader.

Bidne - vern av bygningsmiljø. Ha fokus på uthus og naust. Signalbygg viktig. Mange bygg i dårleg forfatning. Korleis handtere desse bygga? Kva status har restaureringsplanen som Verdsarvparken lagar? Brannstasjonen er særleg viktig å ta vare på. Besøksforvaltning. Kulturminne som ressurs for næringsutvikling. Kva er tenkt om utvikling av campingplassen? Skjerdal - det er ikkje planar om campinghytter eller liknande på campingplassen.

Bidne - stavkyrkja er Riksantikvaren sitt ansvarsområde. Bør vurdere om 60 meters sona er tilstrekkeleg. Viktig å ivareta mangfaldet i type, storleik av bygg, bakkemurar, m.m.

Skjerdal - Når areal vert regulert til landbruk skal det sjekkast ut etter §9 om undersøkelsesplikt i kulturminnelova. Reglane er fastsett slik at dette skal gjennomførast uavhengig av kva det vert regulert til, og sjølv om det vert regulert til eksisterande bruk, t.d. uregulert landbruksområde regulert til landbruksføremål. Dette er beklageleg. **Ramberg - problemstillinga er kjent, og dei vil sende førespurnad om det er mogleg å gjere noko med dette til Riksantikvaren. Bør samtidig ta opp om 60 meterssona er tilstrekkeleg.** Arealet som er avsett til campingarealet må truleg undersøkast.

Det vil vere ein klar føremun for bygda i høve turisme om parkeringsplassen ved «innfallsporten» til Undredal vert gjort betre og på ein estetisk god måte. Ølmheim oppfordra kommunen til å koma med innspel, slik at Statens vegvesen kan ta stilling til planane. Dei oppfordra og kommunen til å søkje om midlar til opparbeiding.

Skjerdal: Bygdefolket har ønske om å etablere gangveg frå parkeringsplassen og ned til sentrum. Ei problemstilling er om parkeringsplassen skal utvidast mot elva eller på motsett side av vegen. Utviding ned mot elva kan vere i konflikt med vassdragsvernet, ei utviding på motsett side av vegen kan ha negative verknader for kulturlandskap/kulturminne.

Steinsland – gjennom ulike typar erfaringar med prosess og medverknad i slike saker vil ho rå til å ta direkte munnleg kontakt med grunneigarane, møte dei på deira premisser og ha samtale.

Aardal - Viktig å sikre produksjonsarealet for landbruket.